



Husbanken

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1012 - 18/28309

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Startlånmidlar til bustadkontoret

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Mottakarar:
Husbanden

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/18	Kommunestyret	PS	13.09.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Merete Valle	14/1012

Startlånmidlar til bustadkontoret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek at det kan søkast Husbanken om 12 000 000 kr i ekstramidlar til Startlån i 2018.

Kommunestyret - 068/18

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune søker Husbanken om 12 000 000 kr i ekstramidlar til Startlån i 2018.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Bustadkontoret har som eit hovudfokus å bidra til å løyse bustadsituasjonen for innbyggjarane i kommunen vår. Startlån er eit av verkemidla som vert nytta slik at innbyggjarar, og då spesielt barnefamilier som har behov for ein trygg, godt og stabil busituasjon kan få hjelp til å komme inn på boligmarkedet og kjøpe eiga bustad. Startlån, som er lån i husbanken, vert vidareformidla av kommunen og låntakar betaler renter og avdrag til kommunen som administrerer låna i husbanken.

I 2018 har kommunen fått fleire søknadar på startlån enn det ein forventa då ein planla budsjettet for året. Hovudårsaken til dette er at fleire av kjøparne i Hordasmibakken innfridde kriteriene for startlån enn antatt. Bustadkontoret har mottatt fleire søknader om startlån som ligg til behandling, og det er forventa at det kjem inn fleire søknader utover hausten. For å kunne innfri søknadene som oppfyller kriteriene til startlån, er det trong for å auke låneopptaket i Husbanken.

Rådmannen rår til at det vert tatt opp ytterligere 12 000 000 kr i startlån i husbanken. Startlånsmidler som ikkje vert nytta i 2018 vert overført til 2019.

.....

